




DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT



Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Postboks 8019 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref
200607494

Vår ref
07/944- KJN

Dato
28.09.2007

Høyring - organisering av ei framtidig yrkesskadeordning

Vi viser til brev av 24. mai 2007 med vedlegg om ovannemnde.

Saka har vore lagt fram for dei underliggjande etatane under Samferdselsdepartementet - Jernbaneverket, Statens jernbanetilsyn, Luftfartstilsynet, Statens havarikommisjon for transport, Post- og teletilsynet og Statens vegvesen Vegdirektoratet.

Vedlagd ligg kopi av fråsegner frå Jernbaneverket og Vegdirektoratet.

Begge etatar støttar forslaget om å samle føresegnene om yrkesskadedekning i ei lov.

Når det gjeld **spørsmålet om** klageinstans, meiner *Jernbaneverket* at ei ny uavhengig klagenemnd er fornuftig, fordi det vil gjere klagegangen enklare og meir oversiktleg, og fordi nemnda vil få god kompetanse ved at den behandlar mange slike saker. *Vegdirektoratet* meiner motsett at Trygderetten bør vere klageinstans, fordi den allereie behandlar denne typen saker, og det verker unødvendig å etablere eit nytt klageorgan for formålet.

Til pkt. 3 Departementets vurdering og forslag viser *Jernbaneverket* til det som blir sagt om at yrkesskadeordninga bør ha ein førebyggjande effekt i forhold til yrkesskadar og yrkessjukdomar. Jernbaneverket stiller spørsmål ved om dette vil vere HMS-tiltak i tillegg til dei krava som blir stilt til arbeidsgivar gjennom arbeidsmiljølova.

Til pkt. 3.3 Departementets forslag reiser *Jernbaneverket* vidare fleire spørsmål til det at forsikringsselskapet skal avgjere saker av mindre omfang og om dette vil ta vare på prinsippet om likebehandling og andre forvaltningsrettslege sider ved saksbehandlninga.

Til spørsmålet om det er arbeidsskadeeininga eller forsikringsselskapet som skal motta skademeldingar, og om forsikringsselskapet skal førebu saka for arbeidsskadeeininga, meiner *Jernbaneverket* at det viktigaste er likebehandling. Etaten trekkjer likevel fram faktorar som

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248111
Org. nr.:
972 417 904

Plan- økonomi- og
administrasjonsavdelingen
Telefaks:
22 24 56 11

Saksbehandlar:
Kjersti Nikolaysen
22 24 81 46

peikar mest i retning av at arbeidsskadeeininga bør ha dei nemnde funksjonane.

Vi viser elles til dei vedlagde fråsegnene og har ingen ytterlegare merknader.

Med helsing


Karl Halvorsen e.f.


Kjersti Nikolaysen

2 vedlegg

Kopi: Jernbaneverket, ref.: 07/03036 SJS 0008
Vegdirektoratet, ref.: 2007/069392-004